



Bakkengard Bognøy v/ Olav Andre Soltveit  
Nordre Steinstø 7  
5108 HORDVIK

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/806 - 16/14776

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

19.07.2016

## Avslag på søknad om SMIL-midler 2016 til inngjerding av beite

**Administrativt vedtak. Saknr: 261/2016**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 16.03.2016.

Meland kommune vart for 2016 løyvd kr 170.000 i SMIL-midler frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i møte 19.04.2016 ein ny SMIL-strategi for 2016-2019 med prioriteringar og satsar for kostnader. Søknadsfrist var 01.06 2016. Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 15 søknader, m.a. frå Olav André Soltveit for Gnr. 51. bnr. 9.

Olav André Soltveit har søkt om tilskott til: inngjerding av beite med elektrisk gjerde på Gbnr. 51/9 som er leigde areal.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har ikkje registrert viktige miljøverdiar på arealet, men det er registrert nasjonale forvaltningsartar i nærleiken av området.

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart over tiltaket

Bruket har eit jordbruksareal på 0 daa, 4,2 daa skog og 31,9 daa anna areal. Driftsforma på bruket er sauehald.

Av SMIL-strategien går det fram at kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet. Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

byggje vidare på tiltak som allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turvegar m.m. Nyetablerte kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

Overordna prioriteringar:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe midlar skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket ble i 2015 revidert. Det ble i ettertid utarbeidd eit nytt rundskriv til den reviderte forskrifta. Søknadene vert sett i samanheng med det Regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP).

## **Vurdering:**

Prioritering totalt sett: 13

Søkjer ynskjer å gjerde inn eit innmarksbeite med permanent elektrisk gjerde for å beite med sau. Administrasjonen ser at det eit område som er godt egna til beite og som vil vere godt synleg i landskapet for mange.

I årets søknadsomgang har det kome mange søknader samstundes som kommunen har fått løyvd mindre midlar enn tidlegare. Dette fører til ein streng prioritering av søknadane, kommunen har ved årets tildeling lagt vekt på tiltak for å auke produksjon eller som styrker produksjonsgrunnlaget. Administrasjonen har difor ikkje sett høve til å prioritera dette arealet.

Søkjer har fleire søknader inne, og administrasjonen har valt å prioritera dei to andre søknadane i årets tildeling. Dei to andre søknadane har eit mykje høgare kostnadsgrunnlag enn dette, administrasjonen meiner at det difor vil vere betre å bidra til at dei større områda som ikkje har vore beita på lengre tid og som krev meir kapital. Dette er også områder som har grunnlag for å bli gode beiter. Administrasjonen syner også til at det omsøkte område i dag vert beita, og krev liten investering i gjerdemateriell for å fortsatt nyttast som beite.

Administrasjonen minner om at det er mogleg å søke SMIL-midlar ved neste høve.

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlovas §§ 8-12 og ut i frå den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdiar på Landsvik. Administrasjonen har vurdert det slik at tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf. §§ 8-12).

## Vedtak

«Meland kommune avslår søknad om SMIL-tilskot til inngjerding av beite med elektrisk frå Olav André Soltveit på gnr. 51. bnr.9 på Landsvik. Grunngeving går fram av vurderinga.

Vedtaket har heimel i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket §§ 5 og 8.»

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Bakkengard Bognøy v/ Olav Andre Nordre Steinstø 7 5108  
Soltveit

HORDVIK